

Systemene Nilsen glerseg stort til laurdagens kåring av lokale mini rockestjerner. Dei håpar på endå fleire påmeldingar frå den yngre garde. Så langt har 14 ungar meldt seg på, fordelt på 6 grupper. Leiar for arrangementet er veteran Morten Nilsen frå Stavanger.

Dommarane er desse:

Gro Åkre (43 år)

Ein svært populær barneskulelærer frå Herøysund.

Gro er eit rivjern som er engasjert i ulike aktivitetar.

Blant anna er ho fotballtrenar for gitar 11/12 år. I mange år har Gro vore ei viktig brikke blant anna Sørøstrevyen og Herøysund Idrettslag!

Espen Åkre (12 år)

Espen er ein aktiv gut også frå Herøysund. Han har travle dagar med fotball, kameratar og data. Når han blir eldre har han ein draum om å bli politi eller elektrikar. Fotballaget som gjeld er MANCHESTER UNITED.

Ingrid Handeland (19 år)

Ingrid nyt for tida norsk festivalsumar og er ein av trelane for Festidalen.

Til hausten skal ho studere i Bergen. Ingrid har sunge i kor og band, spelt piano og sunge klassisk. Elles er ho engasjert i politikken og er generelt ein livsnytar! Ho er glad i dyr, spesielt kattar!

Hege Digranes (24 år)

Hege er ei livsglad jente frå Husnes. Ho jobbar til dagleg i Noreq, men har også vore pressesjef for Festidalen dei siste to åra!

I 1997 var Hege og besteveninna hennar Mona med i stjerner i sikte på TV2.

Dei vart lokale kjendisar etter dette, og hadde oppdrag over heile landet etterpå. Hege er fortsatt glad i dans!

Dersom det er opphald og fint ver held vi til utanfor på kaien.

Dersom det høljar ned og vi treng husrom trekk vi inn i Helgheim.

Hip Hop gruppene, samt dei som har vore på sløyden i Herøysund skal også vise seg fram på scena!

Send oss en mail for påmeldng: systrene.nilsen@gmail.com

Beste helsing Systrene Nilsen (91002207)